

## **SAK 45/14 HALLINGDAL 2020, VIDAREFØRING PROFILERING**

### **Saksopplysning**

Regionrådet for Hallingdal løyvde i sak 54/13 kr. 250.000 til fyrste fase av å implementere Hallingdal sin nye profil.

I fyrste fase er det nytta midlar som planlagt til ulike profileringsartiklar og klargjering av profileringshandbok. Arbeidet som er lagt ned er ein god start og det er no viktig å halde oppe trykket. I neste fase er følgjande konkrete tiltak vurdert som aktuelle:

- Vidareføring og utvikling av ulike profileringsprodukt
- Starthjelp til bedrifter som ynskjer å nytte Hallingdal sin profil
- Sikre breiare distribusjon/bruk av profilen hjå næringsliv, lag/foreiningar, hyttehallingar og innbyggjarar/ungdom i og frå Hallingdal
- Markering av alle inn/utfartsårer til og frå Hallingdal
- Markering langs hovudvegane gjennom heile Hallingdal

Total kostnadsramme er sett til kr. 500.000. Når det gjeld markering langs hovudvegar vil det bli utarbeida konkrete forslag til løysingar som det må takast endeleg stilling til.

### **Vurdering**

Arbeidet som er lagt ned i forhold til profilering av Hallingdal siste halvåret har hatt god effekt og har vorte tatt svært godt i mot. Det er no viktig å vidareføre arbeidet i eit meir langsiktig perspektiv, eit arbeid som ikkje gjer seg sjølv. Ansvar for Regionrådet sin del av gjennomføringa ligg naturleg til Hallingdal 2020. Det er og viktig at Regionrådet er ein pådrivar i den vidare prosessen.

Målsettinga er at:

- Profilen skal styrkja vår identitet og gjera tilknytninga og profilering av Hallingdal tydelegare.
- Hallingprofilen skal vera ein paraplyprofil som skal samordne merkevarebygginga av Hallingdal som region, og styrkje regionen som bu- og arbeidsmarknad.
- Me får til ein veksilverknad mellom Hallingen sin identitet og kvalitet på produkt og tenester, frå og i Hallingdal. Dette vil i sin tur gjera merket truverdig og styrkja regionen sitt omdøme og vera med å styrke Hallingdal som merkevare.
- Merkevareprofilen skal forsterke interessa for tenester og produkt med tilknytning til namnet Hallingdal.

Det kan kanskje stillast spørsmål ved profilering av Hallingdal med bakgrunn i kommunereforma. Om det blir 1,2,3,4,5, eller 6 kommunar i Hallingdal, vil Hallingdal med stor sansynlegheit vera ein tydeleg region. Profilering av Hallingdal er ikkje eit signal om kommunesamanslåing, men eit viktig arbeid i forhold til m.a. næringsliv/næringsutvikling og rekruttering av arbeidskraft.

### **Forslag til vedtak**

Regionrådet for Hallingdal løyver kr. 500.000 til vidareføring av å implementere Hallingdal sin nye profil. Midlane blir løyvd frå regionalt næringsfond.

Ål 21.9.2014

Knut Arne Gurigard  
Dagleg leiar